

Avhaldslag i Finsnes skulekrins

har hatt ei rad vellukka møte denne hausten. På lagsmøta har det vore foredrag, oplesning, handskrive blad og song etter som kreftene innanfor laget har makta det.

Det som har vakt mest ålmenn interesse er ett par åpne agitasjonsmøte med godt frammøte av bygdefolket. Fyrste gongen tala lærar Nordås på Rossfjord om avhald og livslukke ut frå forteljinga om Nils skreddar i Bjørnsons Arne. Andre gongen tala revisjonssjef Larsen frå Harstad om avhaldssaka set frå avhaldsfolket sin synstad. Både talarane synte på kvar sin måte kor viktig det er serleg i vår tid at både ung og gammal vert med i avhaldsarbeidet til signing både for seg sjølv og andre. Både gongene song songlaget i krinsen nokre songar. Og eine gongen las formannen i laget ei gild forteljing om ei lita gjente som fekk far sin til å slutta med rusdrykken.

Det var gildt å sjå at dessa møta vart møtte med so stor velvilje av bygdefolket. U.L. Ørnen lånte fritt hus, og medlemmerne i songlaget møtte op med fyrste ordet. So er dei tapre desse ungdomane som går og er med i dette arbeidet enda det av og til ser vonlaust ut. Fleire av dei me trudde so godt om, fall ut og miste ihugen for saka.

Og endå det høyrest utruleg ut, er det visst av og til sume av dei voksne held ap med ungdomane som er med her. Og då skal det noko av karakterstyrke til for å gå med. Men at sume ikkje ser lenger, er noko som hender i alle bygder. Dei som då stir ei god sak fram på tross av dette, er so mykje meir ære verd, som dei sjølve henter den største moralske styrken av det. Kunde ikkje nokre av dei voksne koma og slå seg med?

**S.E.
[Simon Ekrem]**